

# Årsmøte i Trøndelag Myrselskap

Årsmøte for 1982 i Trøndelag Myrselskap vart halde 10. mars i Trondheim under Landbruksveka i Sør-Trøndelag.

Møtet vart leia av formannen, Inge Krogstad, Lundamo.

## Årsmelding og regnskap for 1981.

Årsmelding og regnskap for 1981 vart referert og godkjent utan merknader.

## Valg

Styret: Dei uttredande styremedlemer var disponent Arne Grønning, Steinkjer, bonde Johan Hermstad, Rissa og forskar Rolf Celius, Sparbu.

Celius hadde fråsagt seg gjenvalg.

Som styrmedlemmer for 2 år blei valt: Disponent Arne Grønning, Steinkjer, bonde Johan Hermstad, Rissa og bonde Jon Woll, Verdal.

Dei gjenståande styremedlemer er bonde Inge Krogstad, Lundamo, heradsagronom Einar Øien, Foslandsosen og bonde Eivind Nygård, Støren.

Som varamenn til styret vart valt: Bonde Johan Storm Nielsen, Snåsa, heradsagronom Per Husby, Rissa, bonde Arnt Inge Vognild, Nerskogen og bonde Matias Formo, Skage i Namdalen. Alle gjenvalt.

Nye varamenn: Bonde Bjørnar Roel, Namdalseid og bonde C. O. Halvas-Svendsen, Aungrenda i Holtålen.

Til formann vart valt bonde Inge Krogstad, Lundamo og til varaformann vart valt bonde Eivind Nygård, Støren. Begge gjenvalt.

Til revisorar vart valt tidlegare fylkesagronom Anton Hofstad, Steinkjer og

bonde Sigurd Klefstad, Beitstad. Begge gjenvalt.

Til vararevisor vart valt bonde Anton Trøgstad, Sparbu.

Til representanter i Det norske jord- og myrselskap vart valt formannen, Inge Krogstad og varaformannen, Eivind Nygård. Som vararepresentant vart valt Einar Øien.

Til representant i Landbruksveka i Trondheim vart valt Eivind Nygård og som vararepresentant vart valt Johan Hermstad.

Som valgkomité vart valt: Lektor Ivar Mattingsdal, Verdal (komitéformann), bonde Jarl Vågen, Verrabotn og bonde Åge Rønning, Haltdalen.

## Andre saker på årsmøtet

Eivind Nygård reiste spørsmålet om godtgjersle til tillitsmenn som deltar på møte. Nygård pekte på at for privat næringsdrivende kan møte med tilhøyrande reiser vere ein økonomisk belastning. Trøndelag Myrselskap har ikkje praktisert noko fast form for slik godtgjersle, men tendensen i andre organisasjonar går i retning av at slik godtgjersle blir gitt.

Saka vart sendt til styret for vidare behandling.

Etter årsmøtet vart det halde eit foredragsmøte med påfølgjande diskusjon. Direktør Ole Lie hadde innlegg om: «Myrressursene i Trøndelag. I hvilken grad kan disse utnyttast i bruksutbyggingen?» og forskar Rolf Celius snakka om: «Varig grasdekkje på myrjord. Hva kan gjøres for å oppnå det?»

*Inge Olav Nøvik*